

HØYRINGSUTTALE PÅ NOU 2012:2 ”UTENFOR OG INNENFOR”

Hordaland Nei til EU er glad for at Regjeringa sette ned Europautredningen og dermed har sett fokus på EØS og andre avtalar Noreg har med EU. Me ser fram til at det kan opna for ein brei debatt om kva tilknytning Noreg skal ha til EU i framtida.

Kritisk konklusjon: Europautgreiinga framstår med ei slagside som me tykkjer er gjennomgåande for positiv til EØS-avtala og attpåtil synest utgreiinga å vilja ha ei endå meir underkasta tilknytning.

For detaljar om dei ulike kapitla, syner me til og støttar Nei til EU si høyringsuttale (Nei til EU Arbeidsnotat 2/2012).

For eigen rekning vil Hordaland Nei til EU leggja til:

1. Regjeringa må, i arbeidet sitt med ei stortingsmelding om EØS, ha eit opnare perspektiv enn det som blir presentert i NOU 2:2012. Det er nødvendig og viktig for samfunnsdebatten at alle alternativ til dagens EØS blir presentert og vurdert. Eit viktig moment som bør understrekast, er at så lenge folk trur at det berre fins to alternativ, nemleg EØS og EU-medlemskap, så vil EU ikkje vera interessert i å forhandla om andre alternativ. Derfor er det så viktig at dette blir utgreidd, slik Nei til EU og fagrørsla no har gjort med sin rapport ”Alternativer til dagens EØS-avtale”. Alternativrapporten er eit svært nyttig verktøy for regjeringa sitt arbeid. Vi går ut frå at regjeringa legg også denne rapporten til grunn, og ikkje einseitig støttar seg til Europautgreiinga.
2. Meiningsmålingar viser at når folk har eit alternativ til EØS, til dømes ein handelsavtale, å visa til, så aukar motstanden mot EØS-avtalen. Dette understrekar behovet for andre alternativ, og det vil også styrkja posisjonen vår i nye forhandlingar med EU om ein revisjon av EØS-avtalen. Det er nødvendig at norske interesser blir teke vare på langt meir kraftfullt overfor eit EU som vi ser utviklar seg i ein stadig meir marknadsorientert og overnasjonal retning. Alternativrapporten viser til fleire alternative avtalar som vil kunna ta vare på dette på ein langt betre måte enn den einseitige og dynamiske EØS-avtalen.
3. Europautgreiinga, NOU 2:2012, er til tider svært einseitig og ubalansert i si framstilling av tilhøvet mellom Norge og EU. Det fins ei rekkje eksempel på dette, slik det går fram av høyringsuttalen frå Nei til EU sentralt, datert 16.3.12. Det verste er at trass i at Europautvalet ikkje fekk i mandat å greia ut alternativ til dagens EØS-avtale, legg dei likevel fram berre eitt, som dei til overmål tilrår. Dette er eit alternativ som samsvarar med det EU sjølv har lagt fram i sitt dokument frå desember 2010, og som omtalast som ei ”mer omfattende og helhetlig avtale, der nytt EU-lovverk fra EU bør implementeres raskere og mer automatisk”. Ei slik utvikling vil vera stikk i strid med folkeviljen i Norge. Medlemskap er avvist gjennom 2 folkeavstemningar. Det har no vore samanhengande nei-fleirtal i Norge i 7 år. Dei siste målingane viser at ca. 75 % seier nei, berre 15 % støttar ideen om at Norge skal innlemmast i den europeiske unionen. Andre målingar viser at fleirtalet meiner EU har for mykje makt i Norge. Når folket blir spurt om dei ønskjer handelsavtale eller EØS, er det dobbelt så mange som vil ha handelsavtale (ca 40 %) framfor EØS (ca. 20 %). Folkefleirtalet ønskjer at dei folkevalde og regjeringa skal koma opp med alternativ som gir oss større suverenitet

og sjølvstyre, meir demokrati og fridom i høve til EU, ikkje det motsette. Tidlegare olje- og energiminister Olav Akselsen karakteriserte EU sitt overvåkingsorgan ESA for "ein pest og ei plage for Norge" fordi dei stadig blandar seg inn i indre norske forhold og kjem med nytolkingar av EØS-avtalen.

4. Konfliktsakene med EU gjennom EØS står i kø. Vetoet mot EUs 3. postdirektiv er framleis uavklart. Datalagringsdirektivet er til revisjon i EU, og vil skapa ny debatt i Norge. Fagrørsla finn vikarbyrådirektivet uakseptabelt. Regjeringa strevar overfor EU både med bankinnskotsgarantidirektivet og med direktiv om tryggleik ved oljeverksemda, med forbrukardirektivet og med anbudsforskrifta i offentleg sektor. EU-lovgjevinga utfordrar både allmenngjeringsordninga og streikeretten. På trappene har vi eit høgkontroversielt helsedirektiv. Hurtigruta er til vurdering i EFTA-domstolen. Den differensierte arbeidsgjevaravgifta skal igjen opp til forhandlingar mellom Norge og EU i 2013. Lista kan forlengast. EØS-avtalen er ubalansert i EUs favør, og den trugar sentrale norske verdiar og interesser. Vedtaket om å godta tenestedirektivet med dei fire domane i EFTA-domstolen, og av vikarbyrådirektivet, vil gjera Norge til eit lausarbeidarsamfunn og føra landet 100 år tilbake til tida før arbeidarane fekk rett til å organisera seg. EØS-avtalen medfører også at vi godtek at EFTA/EU-domstolen i stigande grad opptre som eit politisk organ med samanblanding av dømmande og utøvande makt, ved å konsekvent tolka nye direktiv i marknadsliberal retning. Førstesekretær i LO og styremedlem i ILO, Trine Lise Sundnes, seier "Det er ikke til å leve med at regionale organisasjoner overlater til domstolen å føre politikk."
5. Europautgreiinga er god når den omtalar kva demokratisk underskot EØS-avtalen representerer. Dette underskotet kan eliminerast gjennom ei bilateral avtale basert på likeverd og felles interesser. Men ein kan også prøva å endra spelereglane for å prøva å dekkja over underskotet. Dette har vi sett kvar gong Stortinget har behandla, og stemt ned, forsøk frå EU-tilhengarane på å endra § 93 i Grunnlova. Drøftinga i utgreiinga av dei grunnlovsmessige tilhøva ved EØS-avtalen er utilfredsstillande. Regjeringane si vegring mot å bruka reservasjonsretten i EØS har svekka legitimiteten i avtalen. Viljen til å akseptera alt frå EU, har gjort Norge til "husmenn" under EU. Dei regjeringane vi har hatt etter 1994, har heller ikkje utnytta det handlingsrommet vi har innanfor EØS-avtalen, fordi AP- og Høgre-leiinga ikkje ser EØS som eit sjølvstendig alternativ, men som ein overgangsordning til fullt EU-medlemskap. Antidumpingsaka mot norsk lakseeksport, der Norge vant fram mot EU i WTO sin tvistedomstol, er eit av fleire bevis på at det fins ein handlefridom innanfor EØS som burde vore mykje betre utnytta. Den viser og at dersom Norge går ut av EØS, så vil landet bli fanga opp av WTO sitt regelverk, som i mange tilfelle er økonomisk betre for landet enn ein utvida EØS-avtale.
6. Nei til EU ser fram til ein open og demokratisk debatt om EØS-avtalen sine fordelar og ulemper gjennom 18 år. Vi meiner debatten må vera kunnskapsbasert. Dessverre bidrar Europautgreiinga på heilt sentrale område med myter framfor kunnskap. Vi vil også peika på at det ikkje er rett at Norge "må" ha EØS-avtalen for at vi skal få selt varene våre til EU. Også den tidlegare frihandelsavtala sikra tollfridom for dei fleste vareslag. Det fins internasjonale kjørereglar som også EU er underlagt. Til og med regjeringa fastslo i 1992 at EØS-avtalen ikkje lettar samhandelen vår med EU i høve til det som alt den gongen låg i frihandelsavtala. Likeeins er det feil at vi kan takka EØS for den norske økonomiske framgangen med låg arbeidsløyse, stabilt arbeidsliv

eller likestilling, slik Europautgreiinga hevdar, utan forskningsmessig grunnlag. Snarare er det særeigne norske forhold som kan forklare dette, slik mindretalet i NOU 2:2012 påpeikar. Vi ser på desse to påstandane i Europautgreiinga som rein propaganda for EU og EØS. Når vi ser på kor lite AP- og H-regjeringane har utnytta spelerommet i EØS-avtalen (sml. Riksrevisjonens rapport 2005), så reiser det spørsmålet om kva som er EU-tilhengarane sin politikk og motiv – om kor vidt dei ønskjer å utnytta EØS-avtalen til å oppnå større handlefridom, eller om dei vil at avtalen skal bli så dårleg at dei kan argumentera for EU-medlemskap ved å visa til at EØS er ”medlemskap utan stemmerett.” Det at fleirtalet i Europautvalet utan vidare går inn for at EØS-avtalen skal bli endå meir omfattande, styrkjer denne konklusjonen.

7. Det blir påstått at vi ikkje kan få ei ny avtale med EU fordi dei ikkje vil bruka tid på Norge. EU er i krise, dei er fornøgd med EØS, og ønskjer ikkje uro om ei avtale som dei har fordelar av. Vi meiner at EU har større fordelar av EØS enn Norge; dei er sikra import av olje, gass og fisk, EU er interessert i norske metall og mineralar, har interesse av å ha eit godt tilhøve til Norge i nord, og har handelsoverskot overfor Norge i fastlandsøkonomien. Norge har som nasjon og folk sterk økonomi og kjøpekraft, noko som er viktig for EU i krisetider slik som i dag. Samtidig som EU er i krise, forhandlar dei om nye bilaterale handelsavtalar med India, Canada og Egypt. Det normale i verda, for EU og for Norge, er nettopp bilaterale avtaler. Det er EØS som er heilt spesielt. EU er et pragmatisk system, som veit å ta vare på sine eigeninteresser. Det er på norsk side problema ligg; Norske politikarar, parti, Stortinget og Regjeringa må villa noko meir overfor EU enn å vera ”flinkaste guten i EU-klassen”. Ein må våga å stå opp og slåss for norske nasjonale interesser, lytta til folkemeininga og slutta å opptre så underdanig som ein gjer i dag. Vi må få ein debatt i Norge om dei alternativa som fins til ei mindre omfattande og inngripande avtale enn dagens EØS-avtale.

I tillegg vil Hordaland Nei til EU påpeke følgende spesielt knyttet til kapittelet om arbeidsliv:

Europautredningen la i januar frem NOU 2012:2 *Utenfor og innenfor – Norges avtaler med EU*. Kapittel 16 handler om arbeidsliv, og flertallet av akademikerne i utvalget konkluderer med at deltakelsen i EUs indre marked har æren for oppsvinget i norsk økonomi. Dette er merkverdig.

I utredningens mandat heter det at utvalgets arbeid skal være forskningsbasert og ledes av forskere med høy faglig troverdighet. Har de kan hende ikke fått med seg at vi gjennom EØS-tilknytning har sluttet oss til et markedsliberalt system med mange fallgruver? Det er som om økende inntektsforskjeller, finansielle kriser, segmenterte arbeidsmarkeder og skyhøy arbeidsledighet har gått dem hus forbi.

Utvalgets flertall ser heller ikke ut til å la seg affisere av at arbeidstakerorganisasjoner har gitt uttrykk for sterk skepsis til både EU og EØS, men påstår at EØS-avtalen har bred støtte fra arbeidslivets parter. Faktum er at EU/EØS til stadighet kommer med direktiver og EU-dommer som er i strid med landsomfattende tariffavtaler. Selv ikke LO-kongressens vedtak i 2009 om utredningen av EØS-avtalen nevnes, og en slik lemfeldig og selektiv bruk av kilder gjør at man absolutt kan stille spørsmålsteget ved utvalgets status som forskningsbasert.

Påstandene om at EØS-avtalen har sørget for at norsk arbeidsliv i perioden 1994 og til i dag har utviklet seg positivt, er også betenkelig. Gode vilkår for norsk økonomi, sysselsetting og arbeidsinnvandring kan utvikles også med andre tilknytningsformer. Alle som har fulgt litt

med, vet dessuten at EØS-tilknytningen har ført til at EU har styrt rettighetsutviklingen i Norge, mens selvstendig norsk reformarbeid stoppet opp rundt 1990 mens Syse satt med makten.

Sist men ikke minst, påpeker Dag Seierstad at det ikke har gått like godt i de fleste EU-land som har deltatt i det indre markedet. Det at Norge har en bedre utvikling enn EU, har meget mulig mer å gjøre med særtrekk i vårt eget land enn allmenne trekk via deltakelse i det indre markedet. Oljerikdommen, konkurransefortrinn bygd på en del sterke næringsmiljøer og fortrinn knyttet til norsk arbeidslivsinstitusjoner har nok vært av særlig betydning.

Hordaland Nei til EU støtter mindretallets og Seierstads fremstilling av virkeligheten, og etterlyser samtidig den høye, faglige troverdigheten som utvalget skulle ha som rettesnor. Det er ikke dokumentert at EØS-avtalen er en hovedårsak til den gode utviklingen i norsk arbeidsliv og norsk økonomi siden 1994. Utvalget har dessuten underkommunisert EØS-avtalens betydelige utfordringer for norsk arbeidsliv og den norske modellen.

Med helsing
Hordaland Nei til EU
Hildur Straume /s/
fylkesleiar

Trude Koksvik Nilsen /s/
fylkessekretær